

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Øyvind Røen	Arkivkode: FA-S09
Arkivsaksnr: 21/152	Løpenr: 22/8599
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	10.11.2022	056/2022

NOA og Krafla**10.11.2022 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Kraft til NOA, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet

Vi går imot at det blir bygd kraflinje til Noa.

Handsaming:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sa seg ugild i saka. Årsaka til dette var at han er grunneigar i delar av den føreslegne linjetraseen. Han gjekk frå medan formannskapet handsama gildskapen hans, og Øyvind Røen (Sp) gjekk inn som ordførar. Knut Harald Frøland vart samrøyistes funnen ugild og deltok som følgje av dette ikkje i handsaminga av saka. Øyvind Steinsland (Bl) gjekk inn som varamedlem for Knut Harald Frøland under resten av handsaminga av saka.

Før handsaminga fekk formannskapet orientering om at Olje- og energidepartementet no har sendt Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) si innstilling ut på høyring, med høyringsfrist 23.11.2022. Som følgje av at høyringsfristen kjem før det neste møtet i kommunestyret, vil formannskapet sitt vedtak difor bli kommunen sitt høyringssvar. Saka vil som følgje av dette ikkje gå vidare til handsaming i kommunestyret.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

I røystinga vart framlegget til ordføraren sett opp mot framlegget til Odd Arne Haga. Framlegget til ordføraren fekk åtte røyster og vart vedteke. Framlegget til Odd Arne Haga fekk éi røyst (Odd Arne Haga).

FORM- 056/2022 Vedtak:

Samnanger kommune godtek ikkje innstillinga frå NVE om kvar den nye luftlinja til NOA og Krafla skal gå mellom Børndalen og Gaupholms-marka. Kommunen krev at linja skal følgja den eksisterande traséen for luftlinja mellom Børndalen og Fana. Det einaste akseptable alternativet til denne traséen er ein jordkabel mellom Børndalen og Ospevika.

Det er under planlegging nye luftlinjer og oppgradering av eksisterande luftlinjer i Samnanger

commune. Konsekvensane er at det som alt er store fotavtrykk i Samnanger-naturen, vert mykje større.

For å gjera inngrepa i naturen så små som mogeleg har Samnanger kommune tidleg i planfasen for NOA og Krafla-prosjektet stilt krav om at ny luftlinje skal følgja den eksisterande luftlinjetraséen mellom Børddalen og Fana. Dette kravet har prosjektleiinga for NOA og Krafla lagt til grunn for kva løysing prosjektet skal få.

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godtek ikkje innstillinga frå NVE om kvar den nye luftlinja til NOA og Krafla skal gå mellom Børddalen og Gaupholms-marka. Kommunen krev at linja skal følgja den eksisterande traséen for luftlinja mellom Børddalen og Fana. Det einaste akseptable alternativet til denne traséen er ein jordkabel mellom Børddalen og Ospevika.

Det er under planlegging nye luftlinjer og oppgradering av eksisterande luftlinjer i Samnanger kommune. Konsekvensane er at det som alt er store fotavtrykk i Samnanger-naturen, vert mykje større.

For å gjera inngrepa i naturen så små som mogeleg har Samnanger kommune tidleg i planfasen for NOA og Krafla-prosjektet stilt krav om at ny luftlinje skal følgja den eksisterande luftlinjetraséen mellom Børddalen og Fana. Dette kravet har prosjektleiinga for NOA og Krafla lagt til grunn for kva løysing prosjektet skal få.

Kva saka gjeld:

NVE (Noregs vassdrags- og energidirektorat) har nyleg sendt ei innstilling til Olje- og energidepartementet om elektrifisering av petroleumsfelta NOA og Krafla med kraft frå land. Utbygging av nettet i samband med elektrifiseringa vil påverka Samnanger kommune.

NVE legg til grunn Statnett si vurdering om at Samnanger transmisjonsnettstasjon er eit sterkt punkt i nettet, og at det er driftsmessig forsvarleg å knyta til auka forbruk her. Forbruket til tiltaket er med i det som er venta forbruksauke i regionen, og er såleis ein del av datagrunnlaget i NVE sin rapport «Langsiktig kraftmarkedsanalyse» frå 2021.

I innstillinga rår NVE til at det blir gjeve løyve til ein 360 meter lang 420 kV jordkabel frå Samnanger transmisjonsnettstasjon til nye Børddalen transformatorstasjon og ein 11 km lang 145 kV kraftleidning mellom Børddalen og Ospevika i Samnanger kommune. I tillegg vil det koma ein 250 km lang sjøkabel frå landfallet i Ospevika gjennom sjøområde i Samnanger, Bjørnafjorden, Tysnes, Fitjar og Austevoll kommunar og ut til felta NOA og Krafla. NVE rår også til at det blir gjeve løyve til ein ny transformatorstasjon i Børddalen og ei utviding av Samnanger transmisjonsnettstasjon. Anlegga NVE tilrår løyve til, vil verta betalte av utbyggjarane Aker BP, LOTOS og Equinor. Nettkundane vil difor ikkje få høgare nettleige pga. prosjektet.

Dei elektriske anlegga vil på ulike måtar ha negative verknader for natur og naturbruk. Her kan nemnast snauhogst til trasérydding, auka kollisjonsfare for fuglar og hindringar for fiskeriverksem under legginga av sjøkabelen. NVE rår difor til at det blir sett vilkår om ein miljø-, transport- og anleggsplan som vert drøfta med dei påverka kommunane og med fylket og grunneigarane. For å redusera verknadane frå anleggsarbeidet under bygginga, rår ein også til at det vert sett spesifikke vilkår knytte til fiskeri, marint naturmangfald, skogrydding og transport.

I tillegg til prosjektet NOA og Krafla er det under planlegging ny 420 kV kraftlinje mellom Børddalen og Kollsnes; dessutan oppgradering til 420 kV av eksisterande luftlinjer på strekningane Børddalen–Evanger, Børddalen–Mauranger og Børddalen–Fana. Nye luftlinjer og oppgraderingar av eksisterande luftlinjer fører med seg større master og breiare gater. Konsekvensane er at store fotavtrykk av

luftlinjer i Samnanger-naturen vert mykje større.

Samnanger kommunestyre vedtok 24.02, i sak 003/22 denne fråsegna:

Samnanger kommune er uroa for kraftsituasjonen og nettkapasiteten i bergensregionen, og viser i denne samanheng til fråsegna til fylkesutvalet i Vestland, som peiker på at det allereie er prosjekt innan landbasert industri som har vorte stansa grunna låg nettkapasitet. Kommunestyret stiller difor spørsmål ved klokskapen i å gje konsesjon for landstraum til NOA/Krafla-prosjektet. Kommunestyret stiller også spørsmål ved kvifor ikkje havvind er vurdert i samband med kraftforsyninga av dette prosjektet, ut frå regjeringa sine ambisjonar om at elektrifisering av sokkel i størst mogleg grad skal skje med havvind eller anna fornybar straum produsert på sokkel.

Viss tiltaket skal gjennomførast, meiner Samnanger kommune at det skal stillast krav om at tiltakshavar må gje Samnanger kommune økonomisk kompensasjon for naturinngrepa som Samnanger vert påført, og etter kommunen sitt syn er ikkje eigedomsskatt tilstrekkeleg. Det er betydelege inngrep Samnanger må tolka i dette tilfellet, for at Noreg skal oppfylla klimaforpliktingane sine, og fotavtrykka i naturen Samnanger vil vera varige. Særleg det terrestriske naturmangfaldet vert råka hardt, i samband med ryddebelta under kraftlinene. Samnanger kommune syner her til at det vart gitt kompensasjon til kommunar for dei dei såkalla «monstermastene» i Hardanger og Samnanger.

Kommunen meiner dessutan at det skal stillast krav til at tiltakshavar må gje kompensasjon til laga og foreiningane som vert hindra i å utøva aktivitetane sine i anleggspериодen. Omfanget og konsekvensane av tiltaket er godt opplyste i søknaden.

Samnanger kommune er nøgd med at tiltakshavar har teke omsyn til innspel frå grunneigarar og kommunen i utarbeidingsa av søknaden. Mellom anna er transformatorstasjonen flytta frå Gaupholmsmarka til Børtdalen; landfallet er flytta frå Barmen til Ospevika, og det er brukt meir jordkabel, enn først planlagt, frå Gaupholmsmarka til Ospevika. Kommunen ynskjer vidare tett dialog om paralleljføringa langs den kommunale vegen Ytre-Tysse, i samband med detaljprosjektering og utarbeiding av miljø-, transportog anleggsplassplan (MTA).

Kommunen er positiv til tiltakshavar sitt innspel om at Ospevika vert oppgradert til eit attraktivt bade- og rekreasjonsområde, og at vegen opp til skytebana vert oppgradert og asfaltert.

Det er både positive og negative sider ved at luftlinjer og jordkabel vert lagt parallelt med eksisterande inngrep. Det er negativt at dei eksisterande inngrepa vert auka/utvida, men det er positivt at ein då ikkje legg beslag på urørt natur i nye område.

Vurdering og konsekvensar

Det kom som ei stor overrasking for Samnanger kommune at NVE i innstillinga si til Olje- og energidepartementet foreslår ei kraftig justering av planlagd luftlinjetrasé mellom Børtdalen og Ospevika. Samnanger kommune gav tidleg i planleggingsprosessen tydeleg melding til prosjektleiinga for NOA og Krafla at ei eventuell ny luftlinje i Samnanger måtte følgja eksisterande trasé for linja Børtdalen–Fana. Prosjektleiinga for NOA og Krafla har lagt dette synspunktet frå Samnanger kommune til grunn for vidare planlegging.

NVE si innstilling er spesielt skuffande då Samnanger kommune under heile planleggingsfasen har hatt ein god og konstruktiv dialog med prosjektleiinga for NOA og Krafla-linja. Samnanger kommune har ikkje på noko tidspunkt før NVE gav innstillinga si til OED, vorte gjort merksam på at det kunne vera aktuelt for NVE å rå til ein annan luftlinjetrasé. Samnanger kommune opplever seg difor ført bak lyset. Innstilling frå NVE fører til at naturinngrepa i samband med luftlinja til NOA og Krafla vert uakzeptabelt store.

Vert NVE si innstilling teken til følgje, vil dette setja uakseptable fotavtrykk i Samnanger-naturen. Det vil også vera eit dårleg utgangspunkt for god dialog og lokal forankring m.o.t. til dei nye og omfattande

prosjekta som vil råka Samnanger kommune i åra som kjem.